

Notat frå KFU-møte 10.11.2020

Skype for Business

19:00 – 21:00

Deltakarar

	Tone Støylen Holgersson	Arne Eikeland
Hildegunn Hoff Hana	Marit Solveig Nedrebø	Pål Hegland
Linda Sølvberg Storøy	Ingvild Espeland Øvrebø	Trine Renate Vallestad
Terje Sekse Horne	Geir Are Strømnæss	Ørjan Klakegg
Jan Morten Dvergsdal	Ørjan Stubhaug	Olaug Anette Fauske
Monica Eldevik	Ivar Frøysland	Steinar Kleppe
Roger Eide	Robert Frøysland	Trude Hansen Folkestad
Jeaneth Aileen Frantzen Rosnes	Øyvind Johan Korsøen	
	Gunvor Beate Bjordal	

Sak 1 – CoViD-19

Eskalering av Covid19 og skulesystemet gjer det dei kan for å redusere smittespreiing. Det ligg ein beredskapsplan ute på kommunen si heimeside.

Møte i dag tidleg (10.11.2020) med alle kommunalsjefar legar og diverse personell som jobbar med CoViD-relaterte ting. Sunnfjord er ei lita oase med få tilfeller. Ein person i isolasjon og 7-8 i karantene. Ofte arbeidsinnvandrar som blir sendt rett i isolasjon.

God testkapasitet på sjukehuset og ein får svar fort.

Digital timebestilling gjorde det mykje enklare å komme til testing.

Situasjonen i Hyllestad har vore ei utfordring for Sunnfjord Kommune. Dei aktuelle vart returnert til heimlanda sine (Polen og Romania vart nevnt). Noko oppblomstring hos Havyard igjen.

Har ikkje vore store oppblomstringar av CoViD19 i Sunnfjord.

Førre veke vart det gjort ei øving der heile prosedyreverket vart gjennomgått. Kva skjer dersom vi får ei oppblomstring og korleis skal vi jobbe? Jo raskare vi kjem i gang jo betre.

Elektronisk verktøy for smittesporing som heng saman med andre kommunar. Veldig nyttig.

Skulen har kunne ha gått sin gang. Det fins ein beredskapsplan som er basert på det regjeringa tilrådar. Ingen strategi for nedstening av skule. Dette sitter langt inne. Dersom utbrot: Isolasjon av kohortar.

God utveksling av informasjon i vekesmøtene med Øystein Furnes.

Foreløpig har skulen og kommunen god kontroll.

Beredskapsplanen inneheld korleis beredskapen blir utført, utløyst, kven som utløyser. Korleis kohortane definerast og kven som er ansvarleg for kohortane samt at det er nok rom til alle i dei ulike tilfella (grønt, gult, raudt).

På heimesida til Sunnfjord Kommune under temaside «Koronavirus» ligg tiltaksplanen. Åge skal legge ut beredskapsplanen

Spørsmål frå Trude: Kva er ein riktig kohort?

Furnes sa at ein Kohort er ein klasse og ikkje eit klassetrinn. Ein kohort skal definerast av ein klasse. Dette gjelder i gul beredskap. For raud beredskap må talet reduserast, og kohortane blir lågare (maks 15 i ei gruppe). Dersom ein er i tvil må ein kontakte kommunen. Dersom det er arbeid mellom

klassar kan dette kallast ein kohort. Det viktigaste er at kohortane er definerte slik at smittesporing blir enklare. Så dersom kohortane går ut over klassane må heile kohorten uansett i isolasjon ved smitteutbrot.

Spørsmål frå Roger: Kva kan bli utfordringane framover mtp. utsatte elevar? Korleis ivaretatt?

Kommunen har klare retningslinjer for dette. Dei som fikk utfordringar i vår har fått tildelt midlar for å gi spesiell tilpasning. Dersom vi må stenge ned igjen vil dei elevane umiddelbart få ekstra tiltak. Dei mest sårbare som vi ikkje kjenner til er mest utfordrande (utfordringar i heimar på ein eller anna måte). Her har kommunen eit samarbeid mellom Helse- barnevern og psykologar. Dei vi nevnte elevar vil kunne i større grad få eit tilbod. Dei kan få tilsvarande tilbod som barn med foreldre med samfunnskritiske jobbar.

Spørsmål frå Roger: Kva er situasjonar med psykologar i Sunnfjord?

Det slutta to psykologar i PPT grunna alderspensjon. Ikkje grunna direkte avgang. Og PPT rekruterar i utgangspunktet ikkje psykologar, men personell som skal kunne skrive tilrådingar. Sunnfjord Kommune har ikkje gjort noko med psykologsituasjonen direkte.

Spørsmål frå Steinar: Korleis sikre oppfølging av utsette barn?

Sunnfjord Kommune skal ha rapport og Sunnfjord Kommune skal rapportere oppover. Åge har direkte kommunikasjon mot rektorane. Rektor har ansvar for å utøve ansvaret, og Kommunen har eit tilsynsansvar. Det er viktig at foreldre brukar rådsorgana og spør skulane korleis det blir organisert. Gjennom SU, FAU og alle tenkelege organ. Dette pressar rektor til å gjennomføre.

Spørsmål frå Marit Solveig: Har ikkje sett at det har komt ekstra midlar. Kor har lågterskeltilboda blitt av etter fusjon til Sunnfjord Kommune? Det er ei psykisk belastning å ha karantene-spøkelset hengande over seg.

Kommunen høyrer det samme frå fylkesmannen og frå sentralt. Dette ønsker Sunnfjord Kommune å ta med seg inn i deira neste møte. Det blir jobba mot ungdommen spesielt. Samarbeid med politi og helse for å kunne møte ungdommen. Ungdommen får ikkje utfolde seg og møtast.

Oppe ei problemstilling i dag. Ein har utfordringar med at elevar og ungdom tek smittesituasjonen på alvor. Førdehuset i Foajeen sliter å få ungdommen til å respektere. Her må kvart FAU ta med seg oppfordring tilbake om at foreldre må snakke med barna sine om smitterespekt. Vi kan bruke sosiale medier, elevråd osv.

Spørsmål frå Marit Solveig: Korleis blir reglane for karantene håndheva for å hindre folk i å bevege seg ute. Kan kommunen stille med ein beredskap slik at folk kan få hjelpa dei treng i kvardagen?

Mange ulike grupper som går i karantene. Åge og Ole John har ikkje eit god svar, men skal ta med dette oppover i Fylkeskommunen.

Tiltak :

- Kommune tek med seg innspel frå KFU inn i møtet med Fylkesmannen og lågterskeltilbod
- Kommunen tek med seg innspel om å ha ei støtteordning til dei i karantene.
- Alle FAU tar med seg oppfordring om at foreldre må snakke med elevane om smitterespekt.

Sak 2 – Skulestruktur

I ferd med å slutføre planen og konkludere med bakgrunn i dei faktorane som er informert om i infomøtene.

To ting som ikkje var med i infomøtene:

Innsparingspotensiale

Pris per elev varierar mellom 85.000 (Flatene) til 518.000 (Vevring)

Gjennomgang reknearket som viser pris per elev osv. ved dagens situasjon og etter eventuell samanslåing.

Årlege besparingar ved skuleendingar:

Karstad skule: 2.7 MNOK

Frøysland skule: 2.9 MNOK

Vevring skule: 2.2 MNOK

Ungdomstrinn Viksdalen til Sande: 2.5 MNOK

Ungdomstrinn Skei til Vassenden: 2.3 MNOK

Holsen til Sunde skule: 2.4 MNOK

Korleis utviklar folketal og diverse seg framover? Sunnfjord kommune legg opp til ein prosess der planne skal leggst fram for formannskapet 26.november. Dialogmøte og folkemøte i desember og januar. Dei som blir berørt av fase 1 (gjennomføring innan 2025) må møtast no. Blir lagt fram for kommunestyret i januar.

Åge kjem til å orientere formannskapet om kva som er planlagt. Dette møtet vil strøymast på internett.

Mellom fasene blir det prosessar. Åge legg opp til ein ny politisk prosess mellom fasene med oppdaterte utrekningar.

Berekning av skysstider

Satt opp i ei liste med utgangspunkt i den lengste ruta i kilometer og tid basert på Firda Billag. I tillegg vil det være ekstra tid for å komme seg til buss (som ikkje er tatt med).

Også berekna kostnad per elev (180 elevar).

Kostnader ligger frå 11.500 til 21.600 kroner per barn per år. Reisetida kan bli lenger dersom buss må køyre ekstra ved.

Viksdalen til Sande skule er 80 minutt kvar veg.

Vevring til Naustdal er 48 minutt i busstid. Dette er langt over det som er maks grense i retningslinjene.

Spørsmål frå Marit Solveig: Er det slik at det er kommunen eller fylkeskommunen finansierar skyss?

Fylkeskommunen betaler rutene, medan kommunen betalar ein billett.

Spørsmål frå Olaug: Sparar 2.7 MNOK på Karstad skule. Er drift av barnehagen medrekna i dette?

Skulebiten er det einaste som er rekna ut. Drift til barnehage osv. er eit heilt anna reknestykke. Dersom barnehagen består må barnehagen ta over drift, og det får reknast på dette også. Ein må ha ein plan for barnehagane dersom skulen som barnehagen er i lokalet til blir nedlagt. Kan settast av pengar til at grendalaget kan drifte bygget.

Spørsmål frå Gunvor frå Førde barneskule: Krinsendingar på Bruland. Kva er plan for Bruland? Dei går i uvisse.

Samling av ungdomstrinnet på Hafstad? I så fall kan det være naturleg å sample frå Bruland dit. Kjem til å foreslå at det nye feltet (Pindalen) går til Sunde. Det kjem svar i planen. Kjem ikkje til å lande på dette før Hafstad er utgreia

Spørsmål frå Roger Frøysland: Kva skal ein gjere med byqqa? Er driftskostand medrekna?

Utfordrande å svare konkret. Ser for seg ei ordning tilsvarande for Angedalen skule. Kommunen eiger men er avhengig av grendalaga for at bygget skal kunne brukast.

Spørsmål frå Roger Frøysland: Kor mange faser skal vi ha. 15 MNOK i innsparing. Store besparingar ved å slå samman Ungdomsskular i Førde og bruke det eine bygget til barneskule. Kvifor ikkje det?

Heilt rett at dette vil gi dei store innsparingane. Dei legg opp til 3 faser. 2020-2025, 2025-2030 og etter 2030. Dei vurderar også andre ting enn økonomi. Fagleg innhald og rekrutering. Ein skule skal løyse eit oppdrag som er gitt av ein læreplan. Kommunen har eit plikt til å passe på at elevane har det dei skal ha. Vi trengjer ulike faser for å kunne spisse og sikre talmaterialet for å sikre gode val.

Spørsmål frå Roger Frøysland: Blir planen offentleg tilgjengeleg neste veke?

Den blir sendt rett ut til alle. Heilhetlig plan. Utrekningar skal være open og transparent. Ligger inne ei tilråding. Tilgjengeleg for nedlasting, og ut som breidt som mogleg. Planen skal sendast ut den 20. november antakeligvis. Blir sendt ut så fort den er klar og gjennomgått. Åge tek med seg alle innspela inn i høyringa. Vi går over i ei formell fase når planen no blir sendt ut. Eige arkiv der all

innspel i saken blir lagt. Skriftlege innspel ønskast først når planen er sendt ut, men dei innspela som har komt etter informasjonsmøta blir også vurdert. Har komt innspel som ikkje

Spørsmål frå Linda Storøy, Viksdalen: Stykkpris per elev – Dersom ungdomsskulen flyttast, vil stykkpris for dei gjenværande gå opp? Virkar litt forhasta å legge ned dei små skulane kontra å gjere mindre endringar i byen. Dersom ungdomstrinnet blir lagt ned gjer det slik at enkelte lærarar ikkje får undervist i SINE fag over mange årstrinn. Må også ta hensyn til til (og frå)flytting.

Takast høgde til driftskost på dei elevane som faktisk er igjen. Viksdalen vil på sikt være 10 elevar, altså berre ein klasse. Kommunen må forholde seg til dei tala som foreligger, men må ta hensyn til kva som kan skje. Vanskeleg å forutsei tilflytting, og det er ikkje alltid at skulenedlegging førar til fråflytting. Skulen skal ivareta sikkerheit og det faglege.

Kommentar frå Holsen: Vi foreldre ynskjer ikkje at skulane kan bli for små. Holsen føler seg ikkje for små. Ligger an til rekordklasse på Holsen Skule (10-12 årstrinnsklassingar) til neste år. Skulen er stor nok til 60 elevar

Kva elevgrunnlag ein har er noko kommunen må vurdere. Dei kan ikkje garantere at det ikkje kjem ein familie flyttande til området. Dei kan framskrive frå barneskule til ungdomsskule.

Kommentar frå Vevring Skule: Må ha ein plan B dersom det kjem eit gruveprosjekt.

Reisetida er rekna til 48 minutt som er over retningslinjene.

Roger har ei utfordring: 26 millionar kroner. Korleis er dette beløpet opp mot administrasjonskostnader og høge lønningar. Sett på innsparing i administrasjon?

Ikkje på lønn direkte, men administrasjon har like hardt innsparingspress som andre områder. Litt ubehagelig situasjon med kommunesamanslåing av fire ulike kommunar. 15. mars får dei tal som kan samanlikna Sunnfjord med andre kommunar. Dei går kritisk gjennom kva stillingar dei kan holde seg utan, spesielt mtp. nye utlysingar. Lønnsharmonering

Sak 3 – Avslutning

Trafikksikkerheit. Det er mange som ferdast utan refleks. Her må ALLE være gode.

Ved sidan av planarbeidet er årsbudsjett for 2021 som er den store nøtta i Sunnfjord Kommune.

Innsparingstiltaka er noko som Sunnfjord Kommune er mest spent på om dei greier å gjennomføre. Dersom kommunen ikkje får til besparingane endar dei på Robek-lista, og då fører fylkesmannen knallhard kontroll på kommuneøkonomien, og i alle fall mtp. investeringar.

Har vore utfordrande i år. Corona, dårlig avkastning på investeringar. Mange flyktningar.

Tiltaka vi ser i Sunnfjord Kommune i dag er noko vi ser i veldig mange kommunar.

Kommunen må sjå på innspel dersom det kjem spørsmål om reisetider til skuleskyss.

Utklipp Excel på neste side

A	B	C	D	E	F	G	H	I
Nr	Skole	Distrikt	Type skole	Elev 2021	Kapasitet	Pris per elev	Driftsutgift kr	Tilstandsgrad funksjonalitet
1	Flåtene skule	Førde	b	233	448	84 884	19 778 000	1
2	Frøysland skule	Førde	b	12	30	253 583	3 043 000	1
3	Førde barneskule	Førde	b	256	392	86 816	22 225 000	2
4	Førde ungdomsskule	Førde	u	296	360	94 277	27 906 000	1
5	Halbrend skule	Førde	b+u	409	520	96 609	39 513 000	1
6	Holsen skule og Barnehage	Førde	b	37	50	128 649	4 760 000	1
7	Karstad skule	Førde	b	8	56	420 375	3 363 000	2
8	Slåtten skule	Førde	b	384	448	78 294	30 065 000	1
9	Sunde skule	Førde	b	165	224	83 800	13 827 000	1
10	Bygstad skule	Gaular	b	99	200	122 778	12 155 000	1
11	Sande skule	Gaular	b+u	285	400	93 151	26 548 000	3
12	Viksdalen skule	Gaular	b+u	45	45	204 111	9 185 000	2
13	Skei skule	Jølster	b+u	118	250	127 847	15 086 000	2
14	Vassenden skole	Jølster	b+u	251	440	97 841	24 558 000	1
15	Naustdal bu	Naustdal	b+u	352	450	93 776	33 009 000	1
16	Vevring skule	Naustdal	b	4	30	518 570	2 072 000	1
	Sum			2954	4343	97 188	287 093 000	
	Annet felles						21 989 000	
	Regnskap 2018 Førde+Gaular+Jølster+Naustdal			2954		104 632	309 082 000	
	Nye løsninger							
6	Førde U til Hafstad	Førde		296	600	94 277	27 906 000	1
1	Vevring skule til Naustdal	Naustdal		356	450	93 776	33 384 102	1
2	Frøysland til Holsen	Førde		49	50	128 649	4 760 000	1
3	Karstad til Halbrend	Førde		417	520	96 609	40 285 870	1
4	Skei U til Vassenden	Jølster		286	440	97 841	27 982 422	1
	Skei B	Jølster		68	250	127 847	8 693 627	2
5	Viksdalen U til Sande	Gaular		301	400	93 151	28 038 414	3
	Viksdalen B	Gaular		25	45	204 111	5 102 778	2

Areal kvm BTA	Areal per elev	Investering per kvm	Investering 2020	Kapitalkostna d	Drift av bygg FDV	Elev med skyss	Utgift skoleskyss	Sum drift + FDV + skyss+ kapital
3 534	15	5 000	17 670 644	764 474	2 251 226	35	313 477	23 107 176
182	15	5 000	910 076	39 372	115 943	13	116 434	3 314 749
3 883	15	15 000	58 244 870	2 519 812	2 473 450	33	295 564	27 513 825
4 490	15	5 000	22 448 543	971 177	2 859 926	-	-	31 737 103
6 204	15	5 000	31 018 427	1 341 931	3 951 722	154	1 379 297	46 185 950
561	15	5 000	2 806 068	121 397	357 491	14	125 391	5 364 279
121	15	15 000	1 820 152	78 744	77 295	5	44 782	3 563 822
5 824	15	5 000	29 122 435	1 259 906	3 710 174	47	420 954	35 456 034
2 503	15	5 000	12 513 546	541 366	1 594 215	38	340 346	16 302 927
2 006	20	5 000	10 030 000	433 922	1 277 814	82	734 431	14 601 166
6 018	21	35 000	210 630 000	9 112 355	3 833 441	113	1 012 082	40 505 878
1 003	22	15 000	15 045 000	650 882	638 907	41	367 215	10 842 005
4 204	36	15 000	63 065 000	2 728 342	2 678 143	77	689 649	21 182 133
8 409	34	5 000	42 043 333	1 818 895	5 356 286	113	1 012 082	32 745 262
7 500	21	5 000	37 500 000	1 622 339	4 777 469	149	1 334 515	40 743 323
500	125	5 000	2 500 000	108 156	318 498	5	44 782	2 543 436
56 942	19	9 788	557 368 094	24 113 069	36 272 000	919	8 231 000	355 709 069
	Kostra							
49 385	17				36 272 000	919	8 231 000	
		-			636,9958902		8956,474429	
12 000	41	5 000	60 000 000	2 595 743	7 643 951	-	-	38 145 693
7 500	21	5 000	37 500 000	1 622 339	4 777 469	153	1 370 341	41 154 251
561	11	5 000	2 806 068	121 397	357 491	50	447 824	5 686 712
6 204	15	5 000	31 018 427	1 341 931	3 951 722	162	1 450 949	47 030 472
8 409	29	5 000	42 043 333	1 818 895	5 356 286	163	1 459 905	36 617 508
4 204	62	15 000	63 065 000	2 728 342	2 678 143	83	743 387	14 843 499
6 018	20	35 000	210 630 000	9 112 355	3 833 441	133	1 191 211	42 175 421
1 003	40	15 000	15 045 000	650 882	638 907	31	277 651	6 670 218